

# **OPPMANNSRAPPORt 2016**

**ENG0012**

**REGION MØRE OG ROMSDAL, SOGN OG FJORDANE**

**OPPMANN: SIGRUN ROGNE**

## **Sensorskulering - grunnskuleeksamen våren 2016, Loen 27. - 28. april**

Også i år hadde region Møre & Romsdal og Sogn & Fjordane si sensorskulering i forkant av årets eksamen. Alle sensorar i både norsk, matematikk og engelsk samlast under same tak to dagar på Aleksandra hotell i Loen. I engelsk møtte alle sensorane opp, i tillegg til to som er oppnemnt som reserve. Utdanningsdirektoratet stiller med fagansvarleg for alle faga, og Gregorius Brogstad hadde ei fellesøkt om sluttvurdering, eksamen og forskrift før parallelle fagøkter om eksamen og vurdering. I år var også Magnus Jakobsen frå utdanningsdirektoratet der og køyrd ei obligatorisk opplæringsøkt i nytt eksamensadministrasjonssystem for sensorar. For engelsk var Matilda Burman ansvarleg for fagøkta, med hjelp av oppmannsgruppa.

Ulempa med å ha sensorskulering før eksamen er sjølvsagt at me ikkje har årets oppgåver og kandidatsvar å jobbe med, men sensorane uttrykte unisont at det er bra at skuleringa ligg i forkant; det er godt å få starte opp «sensorhjerna» og starte ei mental førebuing til arbeidet som skal gjerast i juni. Sjølv om ikkje oppgåvene er kjente er alt anna me brukar under skulering anno 2016, *Eksamensrettleiing* og *Kjenneteikn på måloppnåing* er dei aktuelle som skal brukast. Sensorane sit i sensorgrupper, 4ar-gruppe som er identisk med den dei skal sensurer med i juni. Det er godt å ha eit ansikt å knyte til namnet på din medsensor!

## **Førehandssensur, Utdanningsdirektoratet 01. - 02. juni 2016**

Dette møtet mellom direktoratet, fagnemnda og oppmennene frå dei ni ulike regionane er sjølvsagt eit viktig møte for å etablere eit tolkingsfellesskapet, for å sikre alle kandidatane ei mest mogeleg rettferdig vurdering uavhengig kvar dei bur i landet.

Nytt i 2016 er at fagkunnskap er eige punkt under kultur, samfunn og litteratur i *Kjenneteikn for måloppnåing*; punktet kom inn etter tilbakemeldingar frå fjorårets sensorar. Elles er det ikkje spesifikke sjangerbestillingar i årets oppgåver, dette er ein del av den kompetansen eleven skal vise.

Førebuingsmateriellet blir forhåpentleg brukt flittig rundt om i klasseromma dei nærmaste åra. Der er gode døme på dialog, på fagtekstar, på korleis ein fører kjelder, på bilete og at bilete òg er tekst!

## Fellessensur i Molde, på Alexandra hotell 14.- 15. juni 2016

I forkant av fellessensuren møttest oppmannsgruppa i norsk og engelsk i lag med Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine folk og gjekk igjennom årets sensurarbeid. Ingen hadde noko alvorleg å melde, det meste hadde gått greitt. Men det kom eit par ønskjer til utbetringar i nye PAS.

- Når du lastar ned alle elevsvara til di maskin legg dei seg i ei anna rekkefølgje enn dei ligg i i PAS. I PAS under karakterforslag ligg dei i numerisk rekkefølgje, dvs. kandidat 654FGY-V kan ligge som nr. 1 og kandidat 123FRK – V kan ligge som kandidat nr. 2. Når du lastar dei ned sorterer dokumenta seg etter kandidatnummeret, ikkje etter kva nummer dei har på lista. Sensoren får då eit ekstraarbeid med å få dei i rett rekkefølgje igjen etter t.d. utskrift. Dette skulle me gjerne ha fått fiksa til neste år! Elles kom det mange lovord og positiv omtale om nye PAS under dette møtet.
- Nokre få skular har fått tilbakemelding om at eksamenssvaret er lasta opp med kandidaten sitt namn, dvs. det kjem opp som t.d. 123FRK-V, men dokumentet «heiter» t.d. eksamen OlaNordmann.pdf
- Zoom-funksjonen fekk me ikkje til å fungere. Ynskje om å kunne zoome ut for å skaffe seg eit visuelt overblikk over kandidatsvaret. Dette fekk ingen av oss til; vil gjerne ha den muligheita!

Alle sensorar, minus dei to reservane som det heldigvis ikkje blei bruk for, møtte på fellessensuren. Oppmann og varaoppmann gjekk igjennom materiellet frå førehandssensuren og deretter gjennom årets førebuingsmateriell, oppgåver og korleis sensurjobben hadde gått.

Det var positivt og spanande med eit vidare fokus enn berre «dei tre store» i år, positivt med fokus på The Commonwealth, tekstmengda var passeleg. Tydeleg at dei elevane som hadde læreverket Crossroads hadde hatt utbytte av å bruke det; mange India-relaterte oppgåver som leita seg tilbake til det læreverket!

Oppgåve 1a: Er innleiinga og oppgåve 1 litt sjølvmotseiande? Nokre hadde med info frå andre kjelder enn førebuingsmateriellet, t.d. Crossroads, og ingenting frå førebuingsmateriellet. Også ganske varierande om kjelder i det heile tatt var oppgitt her. ***Give reasons*** er ikke heilt enkelt for alle, men samtidig vart det poengert at svært nært opp til 100 % av kandidatane hadde svara på oppgåva. Mange hadde tatt med to ting om to land, dette er greitt.

Oppgåve 1b: Stor begeistring over Appendix 1; ei oppgåve som skil godt samstundes som dette også var ei oppgåve som nær alle hadde svara på. På under middels nivå må me godta at kandidaten meinar noko sjølve om The Commonwealth Games, ikkje berre refererer til kva forfattaren meiner. Positivt med autentisk avistekst frå *the Guardian*; ikkje alle klarte å tolke forfattaren rett, men «alle» kunne seie noko om temaet. Fleire sensorar «varsla» meir bruk av aviser og autentiske tekstar inn i klasserommet!

Oppgåve 2a: Ei fin oppgåve som også svake kandidatar kunne svare greitt på. Fleire kandidatar på under middels / middels er svært nær kjelda, såkalla «tekstnær avskrift».

Oppgåve 2b: Denne oppgåva opna opp for enkle løysingar hjå mange av kandidatane; mykje referering og mindre resonnering. Mange hadde valt å skrive fagtekstar her, mange av svara inn i den store sekken av litt utslektige og ikkje alt for kreative løysingar. Nokre hadde valt å skrive skjønnlitterære tekstar; mange av dei gode.

Oppgåve 2c: Kanskje den oppgåva der fagkunnskapen kjem tydlegast fram; når temaet er tradisjon og livsstil får mange vise god fagkunnskap.

Oppgåve 2d: Nok den oppgåva som fleirtalet av kandidatane har valt. «You are» må opne for både 1. og 3. persons synsvinkel.

- Sensorane gav tilbakemelding om at dei opplevde at det var fleire kandidatar enn i fjar og åra før som ikkje hadde tittel på teksten sin på langsvaret. Det er ynskjeleg at ein eller annan stad står det at teksten skal ha ein tittel. Ja, dette er ein del av tekstkompetansen kandidaten skal innehå og vise, men dette er samstundes den første eksamenen elevar i grunnskulen har, og det er lett å stresse og rote litt. Om tittel står på ei «sjekkliste» er det lettare å få det gjort!

## Karakterstatistikk 2016

Fagkode	Fagnavn	Snitt jenter	Snitt gutter	Snitt alle	% kar 1	% kar 2	% kar 3	% kar 4	% kar 5	% kar 6
ENG0012	Engelsk 10, årstrinn, skriftlig	3,7	3,3	3,5	2,8	15,2	32,1	30,8	15,1	4,1

Fagkode	Fagnavn	Møre og Romsdal	Sogn og Fjordane
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	3,6	3,7